



Statens vegvesen

Lindås kommune
Planavdelinga
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
3. 07. 2015	
Ark. saksnr	Løpnr
Saksh.	Tilgangskode

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2010/004799-009

Dykkar referanse:
14/1927 - 15/22759

Vår dato:
02.07.2015

Høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Kjevikdalen fyllplass - Plan-ID 1263-201306 - gnr. 177 bnr. 36 m. fl. og gnr. 176 bnr. 25 m. fl. - Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 29.06.15 med framlegg reguleringsplan for gnr. 176, bnr. 25 og gnr. 177, bnr. 36 m. fl., Kjevikdalen fyllplass i Lindås kommune.

Området er tidlegare regulert gjennom reguleringsplan Kjevikdalen fyllplass frå 1997 med Plan-ID 1263199701.

Statens vegvesen ga uttale til varsel om igangsetjing av nytt planarbeid i brev av 19.09.13. Planområdet er på totalt 194,6 daa og utvidinga er på 33,4 daa i forhold til gjeldande plan. Bakgrunnen for planarbeidet er å utvide området i forhold til gjeldande plan for å få lagt inn naudsyn areal for reinseanlegg, utvida fyllplassen og endre strukturar innanfor planområdet. Planområdet er no avsett til føremåla massedeponi, renovasjonsanlegg, næring avgrensa til avfallsrelaterte føremål og administrasjon knytt til NGIR si drift, i tillegg er det avsett areal til parkeringsplass, veg, vegetasjonsbelte langs deponiområdet og LNFR.

Statens vegvesen har vurdert framlegget til reguleringsplan for Kjevikdalen fyllplass og etter det vi kan sjå vil endringane i forhold til tidlegare reguleringsplan ikkje føre til vesentlege konsekvensar for forholdet til tilkomst og trafikkavvikling mot fylkesveg 57.

Statens vegvesen ynskjer at det vert etablert ei dråpeøy i tilkomstvegen frå planområdet slik at det vert eit eintydig køyremønster i krysset med fylkesvegen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik
Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks: